

Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Fylkesuvalet v/ fylkesrådmannen

Sogndal, 11.04.2019

## Ber om uttale på framlegg til vedtektsendring

### Vedlegg:

1. Vedtekter for Vestlandsforskning av 2008.
2. Brev frå Noregs Forskningsråd om avviking ordning oppnemning styremedlem.

### Om saka

Ved vedtektsendring skal det jf. stiftelseslova § 49 bli henta inn uttale frå opprettar. Det er Sogn og Fjordane fylkeskommune som er opprettar av Stiftinga Vestlandsforskning.

Det er Lotteri- og stiftelsestilsynet som godkjenner vedtektsendringar vedtekne i styret for Vestlandsforskning, og uttala frå fylkeskommunen skal bli lagt ved saka for handsaming.

§ 10 i Vestlandsforskning sine vedtekter seier at «Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane tek stilling til om ein skal søkje å endre vedtektene etter tilråding frå styret.»

Saka er drøfta med fylkesrådmann i møte 27.02.2019 og i Vestlandsforskning sitt styremøte 07.03.2019. Styret i Vestlandsforskning tilrår å søkje å endre vedtektene som lagt fram i dette brevet.

### Bakgrunn for endring av § 7 i vedtektene og framlegg om endring

#### 1. Valrett

Etter gjeldande vedtekter frå 2008 har Kyrkje-, undervisnings- og forskingsdepartementet (no Kunnskapsdepartementet) rett til å oppnemne 1 av 7 medlemmer til Vestlandsforskning sitt styre. Det er Norges Forskningsråd som har hatt funksjonen som oppnemnar (delegert mynde). Norges Forskningsråd og Kunnskapsdepartementet har sagt frå seg denne retten. Vestlandsforskning sine vedtekter må difor bli endra i tråd med dette.

Det er stiftaren Sogn og Fjordane fylkeskommune som vel 5 av medlemane. Dei tilsette vel eit medlem.

Framlegget er at fylkeskommunen er den som ivaretek funksjonen med oppnemninga av det styremedlemet, som Forskningsrådet tidlegare har hatt ansvar for. Fylkeskommunen vel 6 medlem til styret.

#### 2. Valkomité

Det er ikkje gitt reglar for valkomité i vedtektene. I styret si drøfting av saka i styremøte av 7. mars vart det gjort framlegg om at styret vel valkomité for Vestlandsforskning, og at vedtektene vert endra tilsvarande, jf. § 36 i stiftelseslova.

### **3. Observatørplass**

I vedtektene er det sagt at Høgskulen i Sogn og Fjordane har observatørplass i styremøta ved Vestlandsforsking. Denne vert ikkje nytta, og det vert gjort framlegg om å stryke denne bestemminga frå vedtektene.

#### **Framlegg til endring av § 7:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune får rett til å oppnemne seks medlemmer til styret.
2. Styret oppnemner valkomité.
3. Høgskulen i Sogn og Fjordane har ikkje lenger rett til observatørplass i styret.

#### **§ 7 før endring:**

Styret har sju medlemmer og varamedlemmer.

For styremedlemene valde av dei tilsette og av Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet skal det vere personlege varamedlemmer. Styret skal elles vere samansett slik:

- 5 av styremedlemene og 5 faste varamedlemmer i nummerert rekkefølge blir valde av Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 1 medlem med personleg varamedlem blir vald av Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet, eller det organ departementet gir fullmakt.
- 1 medlem med personleg varamedlem blir vald av og blant dei tilsette ved Vestlandsforsking

Høgskulen i Sogn og Fjordane skal ha ein observatørplass i styret.

Styremedlemene og varamedlemene blir valde for 4 år, og kan veljast for ein ny 4-års periode. Dei tilsette sine representantar blir valde for 1 år om gongen.

Den fylkeskommunale valretten blir utøvd av fylkesutvalet som også vel leiar og nestleiar.

#### **§ 7 etter endring:**

Styret har sju medlemmer og varamedlemmer.

For styremedlem valde av dei tilsette skal det vere personleg varamedlem. Styret skal elles vere samansett slik:

- 6 av styremedlemene og 6 faste varamedlemmer i nummerert rekkefølge blir valde av Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 1 medlem med personleg varamedlem blir vald av og blant dei tilsette ved Vestlandsforsking

Styremedlemene og varamedlemene blir valde for 4 år, og kan veljast for ein ny 4-års periode. Dei tilsette sine representantar blir valde for 1 år om gongen.

Den fylkeskommunale valretten blir utøvd av fylkesutvalet som også vel leiar og nestleiar.

Styret i Vestlandsforsking oppnemner valnemnd for styremedlem valde av fylkeskommunen.